




Dagleg leiar Svein Ove Lid (t.h.) i Lid Jarnindustri viser fram den nye vedunderroboten til bedriftsrådgjevar Odd Øystese i Sparebanken Vest. (Foto: Oddmund Lunde)

“BEGEISTRING I KVAR DETALJ”

- I Lid Jarnindustri har me alltid satsa på lokal produksjon og det skal me framleis gjere. Nøkkelen til suksess er gode fagfolk som veit kva kundane krev. «Begeistring i kvar detalj!» er mottoet for oss i Dalen, seier dagleg leiar Svein Ove Lid.

Det starta ikkje så bra då Samson Lid og Leiv Skutlaberg tok til i Steinsdalen for 64 år sidan. Dei tenkte på å lage møbellåsar og beslag, men då dei fekk tilbod om å kjøpe to tonn rusten ståltråd gjekk dei i staden i gong med produsere sykkelkjettingar.

Problemet var at rusten måtte fjernast kjemisk før det vart laga kjetting. Det gjekk ikkje betre enn at heile den første produksjonen måtte trekkjast tilbake fordi forhandlingane oppdaga at kjettingen falt frå kvarandre etter utpakking frå øska merka Trygg Sykkkelkjetting. Nøytraliseringa av salpetersyre hadde ikkje vore god nok. Ny sykkelkjetting vart produsert og pakka i dei same øskjene. Salet gjekk bra heilt til grunderane fekk beskjed om at merkenamnet Trygg alt var i bruk av ein sykkelprodusent på Lillehammer. Nok ein gong måtte øskjene med sykkelkjetting takast i retur, og då var startkapitalen brukt opp.

Heldigvis var det fleire bønder i Steinsdalen som hadde tru på pro-

spektet og som garanterte for Samson Lid. Då vart banken òg meir positiv, og frå då av har verksemda vore som eit lite eventyr.

Investerar i moderne utstyr

- Omsetjinga nærmar seg 100 millionar kroner og me tener greitt med pengar til investeringar for framtida, seier Svein Ove Lid, medan han stolt viser fram ein ny vedunderrobot frå Tyskland som knekk stålplater på millimeteren før dei går vidare i produksjonen. Svein Ove representerar tredje generasjon i Lid-familien som eig verksemda, og satsar som forgjengarane på lokal produksjon.

- Me driv i dag moderne serieproduksjon av traktormonterte reiskap for landbruket, entreprenørbransjen og kommunar i Noreg som dei viktigaste marknadene. Produksjonen omfattar mellom anna utstyr for snørydding og vegvedlikehald, maskinar for produksjon av ved, samt løfteutstyr. Kundane er opptekne av at me leverar utstyr som fungerer når dei har bruk for det, og er viljuge til å betale litt ekstra for det. Samstundes må me produsere effektivt for å kompensere det høge kostnadsnivået. Derfor investerar me mykje i robotar og anna utstyr som jobbar raskt, og som mellom anna minskar tunge løft og gjer arbeidskvardagen betre for dei tilsette, fortel Lid.

Eit døme er sveising av ein snøfresar som roboten gjer unna på ni timar – halve tida av det som gjekk med då arbeidet vart gjort manuelt.

Stor arbeidsgjevar i Kvam
I dag er dei 56 fast tilsette, og fem

sveisarar frå Polen som er leigd inn, i industribygget i Steinsdalen. Lid Jarnindustri er dermed mellom dei største private arbeidsgjevarane i Kvam.

Verksemda har fem ingeniørar som utviklar og konstruerar nye produkt. Produksjonen og lagerhaldet krev store areal, og lokala har med åra vaksen til om lag 11.000 kvadratmeter. I fjor vart det mellom anna produsert 550 store snøfresarar som for det meste vart henta i vekene frå september til november.

Visjon med mening

Produkta frå Lid Jarnindustri vart marknadsført med merkenamnet Dalen. I fjor vart den gule logoen «pussa opp» med eit meir moderne uttrykk for å understreke verksemda si sterke fokus på kundane. – Me lever av å selje produkt med høg kvalitet og yte god service, slik at totaløkonomien for kunden vert god. Nyleg fekk me høyre at ein kunde som hadde kjøpt ei vedmaskin frå oss for seks år sidan hadde selt maskina brukt for 8.000 kroner meir enn kjøpesummen. Slike historiar gjer oss stolte og glade, held Svein Ove Lid fram.

Internt har «Begeistring i kvar detalj» vorte visjonen og slagordet som får dei tilsette til å strekke seg litt lenger for å gje kundane gode

opplevingar med utstyret frå Dalen. – Men det har òg vorte ein «snakkis» mellom dei tilsette om alt frå korleis me jobbar og hjelper kvarandre, til innhaldet i matpakken. At løyndomen ligg i detaljane er noko me veit stemmer, understrekar han.

Står godt på egne bein

Svein Ove Lid legg ikkje skjul på at Dalen har hatt gode hjelparar for sin suksess.

Me set pris på å ha ein bank som er aktiv og lokal, og som samstundes er sterk nok til å vere med oss inn i framtida.

– Innovasjon Norge har gjeve fleire tilskot og lån til utvikling av verksemda og Sparebanken Vest i Norheimsund har i alle år vore ein god samarbeids-

partnar med omsyn til finansiering. I tillegg til den oppfylginga me får frå banken lokalt er det òg ein føre-

mon at banken i Bergen har spesialistar som kan trø til når me har trøng for deira kompetanse. Mellom anna har me tankar om å auke salet til utlandet som kan ha sine utfordringar med omsyn til finansiering.

- Lid Jarnindustri har ein solid økonomi og god likviditet, og står derfor godt på egne bein. For oss er det viktig at alt som gjeld daglege banktenester fungerer godt og at me kan vere ein diskusjonspartnar for leiinga når nye prosjekt kjem på agendaen, seier bedriftsrådgjevar Odd Øystese i Sparebanken Vest i Norheimsund.

- Det er me takksame for. Me set pris på å ha ein bank som er aktiv og lokal, og som samstundes er sterk nok til å vere med oss inn i framtida. Me er optimistar, seier leiaren for industrieventyret Dalen.



Lokala til Lid Jarnindustri har med åra vaksen til om lag 11.000 kvadratmeter. (Foto: Oddmund Lunde)